Stilbok for

Thea Øygjordet.

16 blad

# Beste venen mellom dyra.

Eg har alltid vori svært glad i dyra, men største elsken har eg havt til ein hund som vi hadde frå nokre år sidan. Hunden heitte Varg, og eg fekk han då eg var bår. Eg övde med hunden, lærde han til å takka og setja seg, og han var så lydig på alle måtar.

Eg huggar vel ein gong eg skulle til skogen og Jimma bar, Varg skulle sjölvsagt vera med. Men som vi skulle på heimtur, var eg så uheldig og snåva i ein stein. Eg slo meg så styggt på foten, at det var uråd å koma seg heimatt. Eg var så lita den gongen, at det var ikkje langt inn på tårene, og eg sette meg ned på ein stein og gret sårt. Men då skulle du ha sett Varg. Han hoppa

kring meg som rasande, han skyna vel at det var utkvart som stod på.
Men best det var, sette Varg nedover skogen i hanande renn, og så kvarv han av syne.

Så vart eg sittjande att åleine, og eg skyna att eg måtte prøva å koma meg nedover att, for ~~det~~ det tok til å skymas.
Eg reiste meg for å gå, og til alt hell greidde eg det, men det gjekk seint, for det gjorde svært vondt i foten.

Men eg hadde ikkje gått lenge, før eg fekk sjå noko koma oppover skogen, og då eg skulle sjå betre etter, så var det Varg som kom pesande. Og litt etter kom mor og far til syne. Eg vart så glad eg både lo og gret om einannan, og Varg hoppa og

dansa i stor glede over å ha funni meg att.
Mor fortalde at Varg hadde komi heim og
bori seg som galen. Han hadde sprungi
mot skogen att, men då han såg at
dei ikkje kom etter, hadde han sprungi attende,
bykst og hoppa ikring dei, og han hadde knurra
som han hadde vori sint. Då hadde mor og
far skyna at det måtte vera noko som
stod på, og dei hadde fylgt med. Då hadde
Varg dilta med rova og vori blid.
Far klappa hunden på ryggen, og han lova
med seg sjølv, at han skulle få leva lenge
hjå oss.

Så gjekk dagane som før, eg vart god att
i foten, og Varg og eg fekk mange gilde
stunder saman att. Han var med meg
å leika i leikarstellet, og då eg var så gamal

at eg byrja på skulen, så fylgde han med dit òg. I timane låg han utanfor døra på skulen, men når det var frikvarter, var han med å leika han som skuleborna.
Men det vart nok ikkje slik at eg skulle få ha hunden så lenge likevel. Om vinteren vart Varg sjuk, kva det no kunne koma av. Ikkje ville han ha mat, og få han med å leika var ikkje råd.
Eg greit mykje desse dagane, for eg var så redd at hunden ikkje skulle bli bra att. På skulen fylgde eg ikkje med i timane, når læraren spurde meg om noko, så visste eg aldri kva han hadde spurt om. For tankane kretsa om Varg, der han låg heime i kassa si og hadde vondt.
Dagane gjekk, og hunden vart ikkje betre.

og ein dag høyrde eg det som eg lenge hadde venta skulle koma. Far sa at vi måtte ta livet av han, for han kunne ikkje liggja å pinast. Og då losna gråten for alvår, eg hadde skyna så godt at det måtte enda på den måten, men no eg viste det sikkert, så vart det mykje verre.

Så kom den tale stunda da hunden skulle skytast, dei fekk i ein mann frå grannegarden som skulle gjera det. Far greidde ikkje å skyta han, for han var sjølv så glad i hunden.

Så kom mannen frå grannegarden med brisa på aksla, og hunden vart boren ut på tunet. Eg såg liksom inn i augo hans kor redd han var, det var som dei

bad om hjelp. Eg stengde meg inne, for eg var ikkje god for å sjå på at dei skaut hunden, og eg vart sitjande å stira fram for meg.

Eg skvatt opp av eit høgt og illevt börseskot, eg sprang til døra og såg ut. Der låg hunden med føtene i veret, og augo som stirde stort og tungt ~~fram~~ opp i lufta. Varg var død. Eg gret, gret som om det aldri skulle ta ende. mor kom å hugsta meg, og eg vart snart rolegare.

Far spadde opp ei grav ute i hagen, og der la han hunden. Eg planta blomar på grava, og eg fekk bror min til å laga ei gravstotte som eg sette på grava. Og på ho skreiv eg med ujamne bokstavar. „Her kviler den beste venen eg nokon gong har hatt."

nu

Rå-vegen

å ha- hatt. Eg skulle til skogen å finna bær.
Eg slo meg så stygt på foten at det var vondt å koma
seg heimatt. Men då skulle du ha sett Varg. Han
hoppa kring meg som rasande. Men eg hadde
ikkje gått lenge før eg fekk sjå - . betre.
Ikkje ville han ha mat, og på han med å leika
var ikkje råd. sit- sitjande. kvila - kviler.